

3

Utsleppsløysinga det er søkt om, er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanleg vilkår for slike utslepp, og i medhald av "Forskrift om begrensning av forurensing" sin § 12-5.

VEDTAK:

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 93a løyve til bygging av hytte nr. 2 på gnr. 36 bnr. 60 av Ådland i samsvar med søknad stempla motteke 31.07.2007.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 31.07.2007.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrett vert godkjend slik som omsøkt, jf pbl kap XVI om ansvar og kontroll m m, forskrift om føretak for ansvarsrett.

Meland kommune gjev i medhald av "Forskrift om begrensning av forurensing" sin § 12-5 utsleppsløyve for omsøkt hytte i samsvar med søknad stempla motteke 31.07.2007 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar av godkjend type.
2. Frå slamavskiljar skal avlaupsvatn førast i felleseidning til sjø.
3. Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast frå slamsugebil i samsvar med vedtekter for slamtømming.
4. Eigedomen skal betala slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde."

Om rett til å klaga, sjå vedlagde orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)

Rett utskrift

Dato:

03.04.08

Kommunalsjet

Kopi til:

Arne A. Haugsvær
Gripsgård, Egil J.
Helge Pedersen
Ing. Øyvind Askeland
Sigmund Skrämetø rørleggerforretning AS
SKARPENES BYGG AS